

Notat

Dato: 09.12.2019

Saksnr: 2019/92-8

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Til: Fylkestinget

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne til fylkestinget - Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023**Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne Vestland – 27.11.2019**

I samband med sak i fylkesutvalet den 03.12.2019, PS 9/19 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023, vedtok rådet for menneske med nedsett funksjonsevne Vestland samrøystes å setje saka Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 på sakskartet, for å kome med ei uttale til saka.

A) Uttale til budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023:

«Generelt til budsjett 2020:

Rådet erfarer at me ikkje er tatt med i budsjettbehandling for Vestland 2020 i god nok tid, og har ikkje fått høve til å arbeide nok med budsjettet. Vi ber om at Fylkestinget i si endelege behandling er særers merksam på dei gruppene som rådet skal ivareta interessene til.»

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sluttar seg til merknaden om TT-ordninga som ligg i Finansutvalet si tilråding til Finansutvalet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil be om at rådet blir teken med i utarbeidinga av ny forskrift for TT-reiser i Vestland fylkeskommune.»